



## Notat

Dato: 24.02.2015  
Arkivsak: 2015/1935-3  
Saksbehandlar: josaksd

---

<b>Til:</b>	Jan Nordø
<b>Frå:</b>	Jostein Aksdal

---

### **Kulturminnefagleg fråsegn til søknad om løyve til å byggja 6 småkraftverk i Vaksdal og Voss kommunar**

Me viser til felles oversending av søknad om bygging av småkraftverk i Vaksdal og Voss kommune.

**Oddmundsdalen Kraftverk, Vaksdal kommune**, her er ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i tiltaksområdet. Hordaland fylkeskommune har slik ikkje merknader til tiltaket med omsyn til kulturminneverdiar.

**Skarvagrovi Kraftverk, Vaksdal kommune**, her er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i inngrepsområdet. Her er kjent ein veg – militærvegen som går i området. Denne skal i følgje søknaden ikkje verta direkte råka.

**Moko Kraftverk, Vaksdal kommune**, her er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Det vert vist til Mydlo-mokena, område for kvernhus, men at dette ligg utanfor tiltaksområdet. Det er viktig at sekundære tiltak i samband med utbygginga og vert tilpassa for å ivareta kulturminneverdiane.

**Sædalen Kraftverk, Vaksdal kommune**, det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområdet. Me kjenner heller ikkje til nyare tids kulturminneverdiar i området og har slik ikkje merknader til tiltaket.

**Markåni Kraftverk, Vaksdal kommune**, her er ikkje kjent automatisk freda eller kulturminne frå nyare tid i tiltaksområdet.

**Møyåni Kraftverk, Voss kommune**, her er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller kulturminneverdiar frå nyare tid. Dokumentasjonen i søknaden viser eit tiltaksområde som har lite potensiale for konflikt med automatisk freda kulturminne.

Kulturminnevernet viser til at ein i alle tiltaka må visa aktsemd og ivareta eventuelle ikkje dokumenterte kulturminneverdiar under anleggsfasen. Me viser på generelt grunnlag til meldeplikt etter kulturminnelova dersom det kjem fram funn som då kan vera eldre enn reformasjonen.

Jostein

